

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 11.11.2015:

Plan- og miljøutvalet fann samrøystes Tone Edland (Sp) og Liv Sigrun N. Midtun (Sp) gilde, jf. FVL § 6, 2. ledd.

Framlegg frå Sp v. Ove Kringlegarden:

Vegen må byggjast inntil eigedomsgrensa til naboeigedomen, slik at minst mogleg av dyrka mark blir brukt. Vegtraseen må godkjennast av kommunen før bygging.

Framlegget frå Kringlegarden blei vedteke med 6 mot 1 røyst.

<p>Plan – og miljøutvalet tek klaga frå Astrid Lyslid v/ Svein Olav Hagen til følgje. Plan – og miljøutvalet gjev løyve på søknad om omdisponering av dyrka mark og frådelling av bustadtomt frå gnr. 142/10, jf. jordlova §§ 9 og 12, 2 ledd, samt plan – og bygningslova § 11-6. Vegen må byggjast inntil eigedomsgrensa til naboeigedomen, slik at minst mogleg av dyrka mark blir brukt. Vegtraseen må godkjennast av kommunen før bygging.</p>
--